

# Kunnskapsgrunnlag – vedlikehold av formålsbygg

Skular og barnehagar

2024-2034



## Innhald

1	Bakgrunn .....	3
1.1	Kva er FDV .....	3
2	Holte sin FDV- og Kalkulasjonsnøkkel.....	4
3	Nøkkeltal kommunale bygg.....	4
3.1	Budsjett 2024 - Eigedomsavdeliga.....	4
3.2	Budsjett sett opp imot behov .....	5
3.2.1	Antall m <sup>2</sup> pr. bygningstype .....	6
3.2.2	Prosentvis fordeling av bygningsmassen.....	6
3.2.3	FDV-kostnad pr. m <sup>2</sup> - Vedteke budsjett sett opp i mot normert behov .....	7
3.2.4	FDV-kostnad pr. bygningsgruppe - Vedteke budsjett sett opp i mot anbefalt behov .....	7
3.2.5	Totalbudsjett 2024 sett opp imot behov .....	9
3.3	Kostratal skule- og barnehagebygg .....	9
3.4	Levetid bygningsdelar.....	12
3.5	Vurdering av nøkkeltal.....	13
4	Føresetnadar for utarbeiding av kunnskapsgrunnlag for vedlikehold av skule- og barnehagebygg 14	
4.1	Tilstandsregistrering .....	14
4.2	Kostnadsoverslag.....	15
4.3	Prioriteringar .....	15
5	Tiltaksplan .....	16
5.1	Tiltaksplan skulebygg.....	17
5.2	Tiltaksplan barnehagebygg.....	21

## 1 Bakgrunn

Agenda Kaupang gjennomførte våren 2023 ei utredning av skule- og barnehagestrukturen i Stad kommune. I kommunestyret 15.06.2023 i KS-sak 23/096 blei rapporten frå denne utredninga lagt fram, med alternative forslag til framtidig skule- og barnehagestruktur. Kommunestyret gjorde, i dette møtet, følgjande vedtak:

*“Stad kommunestyre vedtek å setje i verk ei grundig strukturanalyse for barnehage- og grunnskulestrukturen i Stad, med det formål å gjere vegval om moglege strategiske grep for ein berekraftig struktur for både bygg og drift innan barnehage og skule på både kort og lenger sikt».*

Stad kommune eig i dag om lag 35 000 m<sup>2</sup> med skule- og barnehagebygg fordelt på 7 barnehagar, 8 skular og 1 idrettsbygg. Ein god del av disse bygningane har behov for vedlikehald av tekniske anlegg og bygningskropp.

I påvente av ei endeleg avgjer om ny skule- og barnehagestruktur i Stad kommune, ønskjer kommuneleiinga å få utarbeidd ein plan som seier noko om kva vedlikehaldstiltak som bør gjerast på eksisterande bygningar for å hindre verdiforringing og auka drifts- og vedlikehaldskostnader.

Ei prosjektgruppe har arbeid med å utarbeide eit kunnskapsgrunnlag for å vise behovet for vedlikehald på skule- og barnehagebygg. Prosjektgruppa har bestått av følgjande personar:

- Tore Nyhammer-Taklo - Leiar Eigedom
- Merete Nerland - Rådgjevar prosjektavdelinga
- Torfinn Myklebust - Rådgjevar prosjektavdelinga
- Geir-Ove Liseth - Arbeidsleiar Eigedom ytre
- Lars Einar Bjørneset - Arbeidsleiar Eigedom indre

Under arbeidet med kunnskapsgrunnlaget har prosjektgruppa sett på kva behov ein har for pengar til forvaltning, drift og vedlikehald (FDV) av kommunens bygningsmasse, samt kva vedlikehaldstiltak som bør prioriterast på kommunens skule- og barnehagebygg.

### 1.1 Kva er FDV


**Forvaltning** av bygg = kjøp og sal, utleige av bygg og lokalar, husleigeadministrasjon, utarbeiding av forsikringsavtaler, økonomisk planlegging og styring, personaladministrasjon m.m.

**Drift** av bygg = alle oppgåver og rutinar som er naudsynte for at bygningar og tekniske installasjonar skal fungere som planlagt. Dette omfattar blant anna betjening av installasjonar, forsyning av vatn og energi samt reinhald og renovasjon.


**Vedlikehald** av bygg = arbeid som er naudsynt for å oppretthalde kvalitetsnivået til ei bygning og dei tekniske installasjonane i bygninga.

## 2 Holte sin FDV- og Kalkulasjonsnøkkel

Det stilles stadig større krav til kostnadseffektiv forvaltning, drift og vedlikehold av bygg, samt krav til sikker budsjettering, både på kort og lang sikt.



**Holte sin FDV-nøkkel** er eit digitalt verktøy som gir kostnadsdata knytt til forvaltning, drift og vedlikehold av ulike bygningskategoriar. Det er med andre ord eit praktisk verktøy for å finne svar på om «ditt» bygg drives til riktig kostnad. Ved å nytte FDV-kostnadstal frå Holte, får ein eit godt grunnlag for å samanlikne eigne budsjett-tal med kva budsjett som trengs for å drive forsvarleg forvaltning, drift og vedlikehold (FDV) av ein bygning.



**Holte sin kalkulasjonsnøkkel** er eit arbeidsverktøy som hjelper deg å kostnadsestimere nybygg og rehabilitering av eksisterande bygningar. Kalkulasjonsnøkkelen har ein database med priser på både komplette bygg, bygningsdelar og arbeidsoperasjonar.

For å kalkulere kostnader har vi i arbeidet med denne tiltaksplanen nytta erfaringstal frå Holte sin FDV- og kalkulasjonsnøkkel.

## 3 Nøkkeltal kommunale bygg

Ansvar for forvaltning, drift og vedlikehold (FDV) av kommunale bygg (eigde og leigde), er delegert til Eigedomsavdelinga i Stad kommune. I dette kapittelet vil vi vise ein rekke nøkkeltal for FDV av dei kommunale bygga. Alle tala/kostnader i denne rapporten er oppgitt i norske kroner inkl. mva.

### 3.1 Budsjett 2024 - Eigedomsavdelinga

I 2024 var det budsjettert og innvilga om lag 57,8 millionar kroner til dekking av utgifter i samband med forvaltning, drift og vedlikehold (FDV) av kommunale bygg. Tabell 1 under viser korleis budsjettet fordeler seg på dei ulike tenesta.

I tillegg til budsjetterte utgifter til FDV av kommunaleigde bygg, har eigedomsavdelinga også ein del budsjetterte utgifter til leigde bygg, samt inntekter frå mellom anna leigeinntekter frå utleigebustadar. Det totale budsjettet inkl. inntekter ligg difor på om lag 38 millionar kroner.

Ansvar	Teneste	Konto	Budsjett 2024
414	12100	Forvaltningsutg. eigedomsforv.	3 516 000
414	19001	Kommunehusa	1 883 000
414	19002	Eigedom - kommunal teknikk	494 000
414	19003	Reinhaldsteneste	272 000
414	19004	Driftsteknikkarar	1 450 000
414	21300	Vaksenopplæring	179 000
414	22100	Barnehagelokalar	5 538 000
414	22200	Skulelokalar	11 828 000
414	23400	Aktiverings- og serviceteneste	310 000
414	24100	Legetenesta	804 000
414	25800	Ambulerande	2 720 000

414	26100	Institusjonslokalar	9 914 000
414	26500	Bustader egne (momskomp)	9 693 000
414	26501	Bustader egne (ikkje momskomp)	3 629 000
414	26502	Bustader leigde (ikkje momskomp)	150 000
414	31500	Utbyggingsområde bustader og bumiljøtiltak	290 000
414	32500	Tilrettelegging næring	55 000
414	33900	Brannvesen og beredskap	126 000
414	36000	Naturforvaltning og friluftsliv	19 000
414	37500	Museum	26 000
414	38100	Drift/vedlikehold idrettsbygg/-anlegg	3 719 000
414	38600	Kommunale kulturbygg	1 219 000
<b>SUM</b>			<b>57 833 000</b>

**Tabell 1:** Budsjetterte utgifter til FDV av kommunale, eigde og leigde, bygg

### 3.2 Budsjett sett opp imot behov

Stad kommune eig om lag 71 000 m<sup>2</sup> bygningsmasse fordelt på ulike bygningstypar. Tabell 2 viser eit oppsett over bygningstypar, areal, budsjett og behov. I denne tabellen er det berre bygningar som kommunen **eig sjølv** som er med.

1. Bygningstype	2. Areal (BTA, m <sup>2</sup> )	3. Budsjett 2024 (Kr)	4. Budsjett pr. m <sup>2</sup> 2024 (Kr)	5. FDV- behov pr. år (Kr)	6. FDV behov pr. år pr. år (Kr)	7. Diff. Budsjett- Behov (%)
Administrasjon	2 930	2 011 000	714	2 775 061	947	33
Barnehage	4 691	5 852 000	1 248	7 050 056	1503	20
Skule	30 353	14 207 000	468	47 476 948	1564	234
Institusjon	9 542	10 595 000	1 110	8 494 097	890	-20
Idrett	4 118	4 033 000	979	6 839 586	1661	70
Kultur	1 322	1 350 000	1 021	1 252 092	947	-7
Lager	1 900	651 000	342	634 999	334	-2
Omsorgsbustader	8 920	10 736 000	1 204	7 434 285	833	-31
Gjennomgangsbustadar	7 000	4 153 000	593	6 005 230	858	45
<b>Sum</b>	<b>70 776</b>	<b>53 670 000</b>		<b>87 962 357</b>		<b>64</b>

**Tabell 2:** Oppsett over bygningstypar, areal, budsjett og behov

Dei ulike kolonnane i tabell 2 viser:


1. Bygningstype
2. Kor mykje areal. pr. bygningstype kommunen eig
3. Vedteken budsjett for 2024 til bruk på forvaltning, drift og vedlikehald (FDV) av bygningsmassen
4. Vedteken budsjett pr. m<sup>2</sup> til bruk på FDV av bygningsmassen
5. Anbefalt budsjett pr. bygningstype, jf. utrekningar i Holte sin FDV-nøkkel
6. Anbefalt budsjett pr. m<sup>2</sup> pr. år, jf. utrekningar i Holte sin FDV-nøkkel

- Differansen mellom vedteke budsjett og anbefalt behov, dvs. kor stort er budsjettet i forhold til behovet. (t.d. vil 20% bety at ein manglar 20 % av midlane ein treng for å ha ei forsvarleg forvaltning, drift og vedlikehold av bygget).

Figurane under viser ein grafisk framstilling av tala i tabell 2.

### 3.2.1 Antall m<sup>2</sup> pr. bygningstype


Figur 1 viser kor mange m<sup>2</sup> av kvar bygningstype kommunen eig.



**Figur 1:** Antall m<sup>2</sup> pr. bygningstype.

### 3.2.2 Prosentvis fordeling av bygningsmassen


Figur 2 viser kor mange prosent kvar bygningstype utgjør av den totale bygningsmassen kommunen eig.



**Figur 2:** Prosentvis fordeling av bygningsmassen.

### 3.2.3 FDV-kostnad pr. m<sup>2</sup> - Vedteke budsjett sett opp i mot normert behov

Figur 3 viser vedteke budsjett 2024 pr. m<sup>2</sup> bygningstype sett opp i mot normert behov (Holte sin FDV-nøkkel).




**Figur 3:** Budsjett pr. m<sup>2</sup> samanlikna med behov.

### 3.2.4 FDV-kostnad pr. bygningsgruppe - Vedteke budsjett sett opp i mot anbefalt behov


Figur 4 viser samla budsjett for 2024, pr. bygningstype, sett opp i mot normert behov (Holte sin FDV-nøkkel) pr. bygningsgruppe.

Figur 5 viser differansen mellom vedteke budsjett og normert behov, dvs. kor stort er differansen mellom vedteke budsjett og anbefalt behov. Dersom talet er t.d. 20%, vil det bety at dersom ein aukar budsjettet med 20 % så vil ein kunne oppnå forsvarleg forvaltning, drift og vedlikehald av bygningen.

**Fig. 4 og 5 viser at dei fleste bygningskategoriane er underbudsjettet. Dette gjeld spesielt for skular, men også for idrettsbygg, gjennomgangsbustadar og administrasjonsbygg.** Figurane viser også at kommunen i 2024 har budsjettet med større budsjett for institusjonsbygg og omsorgsbygg enn det som er normert behov (hhv. 20 og 31% meir). Årsaka til dette er at i disse bygningane bur det sårbare brukarar. Når bueiningane blir flytta frå og nye brukarar skal inn, blir det utført naudsynte oppgraderingar inne på bueininga. Når bygga er eldre og over tid manglar vedlikehald, vil det koste meir å oppgradere når ein først gjer jobben (sjå forklaring i kap. 3.4 *Levetid bygningsdelar*). Når ei så må nytte større del av budsjettet til institusjon- og omsorgsbygg, blir det forholdsmessig mindre igjen til dei resterande bygningskategoriane.



Figur 4: Samla budsjett 2024 sett opp i mot behov (Holte sin FDV-nøkkel).




Figur 5: Kor mange % meir/mindre bør budsjettet være for at ein skal nå anbefalt behov.



### 3.2.5 Totalbudsjett 2024 sett opp imot behov

Figur 6 viser det samla vedtekne budsjett til forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg for 2024 sett opp imot Holte sin FDV-nøkkel sine kalkulerte behov.




Figur 6: Budsjett for alle kommunale bygg sett opp imot anbefalt behov.


### 3.3 Kostratal skule- og barnehagebygg

**KOSTRA** er ei forkorting av kommune-stat-rapportering. Gjennom KOSTRA sender alle norske kommunar og fylkeskommunar inn tal frå sine tenesteområde til Statistisk sentralbyrå. KOSTRA –tal blir brukt til å samordne og effektivisere all rapportering frå kommunane til staten. KOSTRA –tal blir brukt til analyser og relevant styringsinformasjon om kommunale tenester.


I dette delkapitelet har vi samanlikna Stad kommune med andre kommunar kva gjeld kostnader til forvaltning drift og vedlikahald av skule- og barnehagebygg.




Kostratabell 1: Totale FDV-kostnader til skule- og barnehagebygg (i 1000 kr)




**Kostratabel 2:** Tal m<sup>2</sup> skule- og barnehagebygg



**Kostratabel 3:** Totale FDV-kostnadar pr. m<sup>2</sup> skule- og barnehagebygg



**Kostratabel 4:** Tall m<sup>2</sup> areal skule- og barnehagebygg pr. barn



**Kostratabell 5:** FDV-kostnader til skule- og barnehagebygg pr barn

Kostrata-tala viser at Stad kommune har forholdsvis mykje areal pr. barn sett opp imot samanliknbare kommunar (Kostratabell 4). Dette gjeld spesielt for skulebygg og gjenspeiler seg i **kostratabell 3** som viser at Stad kommune bruker forholdsvis lite på FDV pr. m<sup>2</sup> samanlikna med andre kommunar.


Det at Stad kommune har forhaldsmessig mykje areal pr. barn, betyr ikkje nødvendigvis at Stad kommune har nok klasserom eller store nok rom til å drifte skulane på ein forsvarleg måte. Kostratala viser kun kor mange m<sup>2</sup> areal vi har i våre skulebygg, ikkje kva type areal dette er. Det arealet vi har «for mykje» kan like gjerne være ukurant areal som lagerlokale, kjellarareal eller anna.

Agenda Kaupang gjennomførte våren 2023 ei utredning av skule- og barnehagestrukturen i Stad kommune. Der blei det utført ei framskriving av folketalet for aldersgruppen 0 til 15 år, sjå tabell 3 under. Prognosane er usikre og vil kunne endre seg år for år, men gir likevel ein peikepinn på at Stad kommune vil få ein liten befolkningsnedgang dei neste 20 åra for aldersgruppen 0-15 år.

Barnetalet er forholdsvis stabilt og ein kan såleis forvente nokså like inntekter til drift som i dag.

Summer av Folkemengde 31.12 År										
Krets	2010	2015	2020	2025	2030	2035	2040	2045	2050	
Flatraket	118	113	98	93	90	85	79	76	74	
Haugen	179	161	146	149	129	122	117	115	114	
Hjelle	198	172	186	185	194	197	197	198	200	
Nordfjordeid	652	672	715	688	676	676	669	672	674	
Selje	238	190	176	185	182	176	172	171	171	
Stadlandet	176	165	185	192	181	176	168	168	168	
Stårheim	341	302	287	300	295	298	292	293	294	
<b>Totalsum</b>	<b>1 902</b>	<b>1 775</b>	<b>1 793</b>	<b>1 792</b>	<b>1 748</b>	<b>1 729</b>	<b>1 694</b>	<b>1 695</b>	<b>1 694</b>	


**Tabell 3 :** Innbyggjarar i aldersgruppa 0-15 år pr. skulekrets i Stad kommune.



Figur 2: Framskriving av folketalet 0-15 år i Stad kommune. Kjelde: Kompas/trend-alternativet

### 3.4 Levetid bygningsdelar

Figur 7 under viser kvalitet og funksjon til ein bygning sett opp imot byggets levetid.



Figur 7: Kvalitet og funksjon for ei bygning sett i et levetidsperspektiv (Henta frå Byggforkserien)

Gjennom byggets levetid vil ein ha behov for å:

- Oppgradere som følgje av nye myndigheitskrav
- Byggje om som følgje av ny eller endra bruk av bygget
- Ha service på, vedlikehalde og skifte ut bygningsdelar pga. slitasje

Slitasjen på ei bygning startar frå bygget er nytt. Eit bygg består av ulike bygningsdelar med ulike drifts- og vedlikehaldsbehov samt ulik levetid (sjå vedlegg 1 – Levetid bygningsdelar). For å kunne oppnå optimal levetid på dei ulike bygningsdelane må ein gjennomføre periodisk service, vedlikehald og reperasjonar. For å oppretthalde byggets kvalitet og funksjon, bør den enkelte bygningsdel skiftast ut når den har nådd sin levetid.

Dersom ein manglar ressursar til å gjennomføre tilstrekkeleg med service, vedlikehald og reperasjonar, vil bygningsdelane sin levetid gå ned. Ein vil med andre ord opparbeide seg eit større vedlikehaldsbehov (vedlikehaldsetterslep) enn ein hadde gjort vist ein hadde forvalta bygningane på ein optimal måte.

### 3.5 Vurdering av nøkkeltal

Fig. 4 og 5 viser at dei fleste bygningskategoriane er underbudsjetterte. Dette gjeld spesielt for skulebygg der løyvde vedlikehaldsmidlar ligg svært langt under tilrådde normaltal i høve Holte sin FDV-nøkkel..

**Samla sett, for alle kommunale bygg, er gapet mellom tildelte midlar for 2024 og behovet pr. år, på 64 % av budsjetterte midlar. Dette betyr at dersom ein hadde auka løyvingane som ein brukar på vedlikehald med 64% ville ein ha kunne forvalta bygningsmassen på ein forsvarleg måte. For kvart år som går der tildelte midlar er mindre enn behovet, vil bygningsmassen forfalle og standarden gå ned. Vedlikehaldsetterslepet vil med andre ord auke og såleis også investeringsbehovet.**

**Det har vore stramme vedlikehaldsbudsjett over fleire år, noko som gjer at ein ikkje har hatt moglegheit til å ta vare på bygningsmassen på ein god nok måte og fleire bygg står difor ovanfor omfattande oppgraderingar.**

Det er ulike strategiar ein kan velje for å få ein betre bygningsmasse:

1. Auke drifts-/investeringsbudsjettet til forvaltning, drift og vedlikehald av bygningsmassen
2. Redusere antall m<sup>2</sup> bygningsmasse ein skal forvalte
3. Ein kombinasjon av pkt. 1 og 2

## 4 Føresetnadar for utarbeiding av kunnskapsgrunnlag for vedlikehald av skule- og barnehagebygg


Alle tal og berekningar i denne planen er eit stillbilde av situasjonen her og no. Bygningsmassen er heile tida i endring. Tiltak kan bli utført og nye «skadar» kan oppstå. Denne tiltaksplanen er difor ein dynamisk plan som bør reviderast med jamne mellomrom.

### 4.1 Tilstandsregistrering

Prosjektgruppa har gjennomført tilstandsregistrering av alle skule- og barnehagebygg. Det digitale FDV-verktøyet **IK-bygg** (kap. 1 – Bygning) er nytta som verktøy for å registrere og dokumentere tilstanden. Tilstandsvurderingane frå IK-Bygg er bygget på norsk standard for tilstandsanalyse av byggverk (NS 3424) – kor talkodar (frå 0 til 3) omgjerast til tre ulike fargekoder; grøn (= 0 og 1), gul (= 2) og rød (= 3). Dette omtales ofte som "trafikklys". Noko forenkla kan grøn farge tolkast som at alt er i orden eller ikkje relevant, medan gul og raud farge kan tolkast som at feil eller manglar føreligg. Til forskjell frå gul farge, tyder raud farge på at meir alvorlege feil og manglar føreligg – ofte kalla alvorlege avvik. Ei meir detaljert forklaring på dei ulike tilstandsgradene er vist under.

- 0 =** Heilt i orden/ikkje relevant (**grønt lys**). Dvs. ingen feil eller manglar er registrert og det føreligg dokumentasjon som er i aktiv bruk.
- 1 =** I orden/oppfyller forskriftene (**grønt lys**). Dvs. at feil eller manglar er ikkje registrert og lite sannsynleg. Dette er delvis dokumentert.
- 2 =** Manglar er registrert (**gult lys**). Dvs. at feil og manglar er registrert eller sannsynleg. Dette er delvis dokumentert. Vedlikehald må utførast.
- 3 =** Avvik er registrert (**raudt lys**). Store feil og manglar er registrert eller sannsynleg. Dette er delvis eller ikkje dokumentert. Det finst pålegg frå ein eller fleire myndigheiter.

16.06.2023 vedtok kommunestyret, i KS-sak 23/100, «Strategiplan drift og vedlikehald kommunale bygg». Denne planen setter følgjande føringar for korleis tilgjengelege ressursar innafor drift og vedlikehald av kommunale bygg skal prioriterast.



1. Helse, miljø og tryggleik
  - Pålegg frå offentlege instansar vert vurdert umedelbart, og alvorlege feil om manglar vert utbetra så snart som mogleg
2. Verdibevarande tiltak
  - Skadar på bygg og uteområde vert snarast utbetra
3. Kostnadsreducerande tiltak
  - System for eigedomsforvaltning, sentral driftskontroll og energioppfølging skal nyttast aktivt i arbeidet med drift og vedlikehald
  - Kontinuerleg arbeid med tiltak som bidreg til å effektivisere den daglege drifta
  - EPC-kontraktar(energispare kontraktar)
4. Utomhustiltak
5. Kosmetiske tiltak

Ved gjennomføring av tilstandsregistreringane har prosjektgruppa hatt fokus på tiltak som kjem inn under pkt. 1-3 over. Følgjande tiltak er difor ikkje med i denne rapporten:

- Utomhustiltak. Dvs. tiltak på eigedomen rundt bygninga, så som leikeapparat, parkeringsplassar, osb.
- Teknisk levealder. Dvs. bygningsdelar som har nådd sin tekniske levealder men som ikkje pr. no er defekt eller skada. Sjansen for at skade på dei eldste bygningsdelane kan oppstå «når som helst» er større jo eldre bygget blir.
- Funksjonell levetid. Dvs. krav til ombyggingar som kjem som følge av endra myndigheitskrav eller endra bruk av bygget.
- Estetisk levetid. Dvs. den tid det tek fram til ein bygningsdel ikkje lenger er estetisk tilfredsstillande. Den tekniske og funksjonelle levetida kan fortsatt være intakt.
- Vi har heller ikkje sett på dei elektriske anlegga i bygget, anna en større tiltak (avvik etter tilsyn) på anlegga. Dette pga. av at dei elektriske anlegga blir systematisk gjennomgått (både internt og eksternt) og avvik som blir funnet verte lukka etterkvart.

Det er utarbeidd rapport frå tilstandsregistreringane for kvart enkelt bygg, sjå vedlagde rapportar *IKB-Bygningsrapport – XX.07.2024 –«Namn på bygning»*

## 4.2 Kostnadsoverslag

Avvik/tiltak som er registrerte er kostnadsrekna ved hjelp av Holte sin FDV- og kalkulasjonsnøkkelen. Her finn ein eit digitalt oppslagsverk med over 7500 priser for både nybygg, ombygging og rivearbeider. Alle prisar er bygget opp med tidsforbruk og materialforbruk etter marknadstal. Kostnadane er anslått med ei feilmargin.

## 4.3 Prioriteringar

Etter at naudsynte tiltak er registrert og kostnadsrekna, har prosjektgruppa satt opp ein tiltaksplan for naudsynt vedlikehald på kvart bygg, inkl. prioritet, sjå kap. 5 «Tiltakspla» for skule- og barnehagebygg.

Dei registrerte tiltaka er delt inn i tre prioriteringsnivå:

1	1.prioritet	Må gjennomførast for å bevare bygget eller for å sikre helse, miljø og tryggleik til brukarane. Disse tiltaka må ha 1. prioritet ved tildeling av midlar.
2	2.prioritet	Bør gjennomførast for å bevare bygget, for å sikre helse, miljø og tryggleik til brukarane eller for å redusere driftsutgiftene på bygget. Disse tiltaka må gjennomførast så snart pri. 1-tiltaka er utført.
3	3.prioritet	Bør gjennomførast for å bevare bygget, for å sikre helse, miljø og tryggleik til brukarane eller for å redusere driftsutgiftene på bygget. Disse tiltaka må gjennomførast så snart pri. 2-tiltaka er utført.

**Tabell 3.** Inndeling i investeringsnivå

## 5 Tiltaksplan

Tilstandsregistreringane som er gjort på skule- og barnehagebygg er oppsummerte i tiltaksplanane under. Det er laga ein tiltaksplan for skulebygg og ein tiltaksplan for barnehagebygg. Alle naudsynte tiltak i planen er lagt fram for vurdering av teknisk personell samt av brukarane av bygga v/einingsleiarane. Prioritert rekkjefølgje på tiltaka (jf. kap. 4.3) er vist i kolonne 2. Denne prioriteringa er gjort av prosjektgruppa utifrå tekniske vurderingar av bygga. Til orientering er brukarane (einingsleiarane) sine prioriteringar vist i kolonne 3. Det er også lagt ved informasjon (kolonne 5) om tiltaket er Verdibesparande (V), Kostnadsreducerande (K) eller har betydning for Helse, Miljø og Tryggleiken (H).

Tiltaka er delt opp i tiltak pr. bygg, med underkategori som seier noko om tiltaket har samanheng med t.d. *Utvendig bygning, Innvendig bygning, Varme, ventilasjon* osv. Kvart enkelt tiltak er kostnadsrekna, i tillegg står summen for alle tiltak. pr. bygg i kolonne 6 ved sida av byggets namn. Nedst i kvar tiltaksplan står samla sum for alle tiltak i den gitte bygningskategori.

Alle summane er vist pr. tusen kroner.

NB: Haugen barnehage er ikkje med i denne tilstandsregistreringa. Dette pga. at tilstanden på bygget er såpass dårleg (manglande ventilasjon, lause skiferheller på tak, rotne vindauge, ueigna garerobeforhold osv.) at nybygg/flytting bør være einaste alternativ.



## 5.1 Tiltaksplan skulebygg

Forklaring til kolonne 5:

H = Tiltak som har betydning for helse, miljø og sikkerhet, V = Verdibesparande tiltak, K = Kostnadsreducerande tiltak

Tiltak nr.	Prio Tekn.	Prio Brukar	Beskrivelse	H/V/K	Investering (tusen. kr.)	Periode					Merknad
						2024	2025	2026	2027	2028	
<b>Felles tiltak</b>											
FE-1											
<b>Eid idrettshus</b>											Byggeår: 2006
<b>Bygning utvendig</b>											
EII-1	1	1	Skifte tak idrettshall	V/K	3 800						Arbeidet er i gong
EII-2	3	3	Skifte vindaug	K	6 000						
<b>Bygning innvendig</b>											
EII-3	2	1	Garderobes, UU og vannboren varme	K	17 000						
EII-4	1	1	Nytt golv idrettshall	H	2 600						Arbeidet er i gong
EII-5	2	1	Sikkerhetsstyr/varsling/tidtakarutstyr	V	2 000						Bassenget
EII-6	2	2	Ny tribune	V	1 200						Arbeidet er i gong
<b>El-anlegg</b>											
<b>Varme og ventilasjon</b>											
EII-7	1	1	Bytte av V.P	K	2 100						Kritisk mht varme til EIH, EUS, NSK og Høgebakkane
<b>Vatn, avlaup og sanitær</b>											
<b>Skallsikring/lås</b>											
EII-8	2	3	Innerdører garderobar	H/K	500						
<b>Eid ungdomsskule</b>											Byggeår: 1976, 1992, 2002
<b>Bygning utvendig</b>											
EIU-1	3	1	Skifte fasadeplater	V	224						
EIU-2	1	1	Skifte tak	V	1 428						
EIU-3	2	1	Skifte vindaug	V/K	2 100						
<b>Bygning innvendig</b>											
EIU-4	3	3	Reperasjon himling (etter vasslekkasje)	V	210						
<b>El-anlegg</b>											
<b>Varme og ventilasjon</b>											
EIU-5	2	2	Nytt ventilasjonsanlegg A- og C-fløy	H	9 800						
<b>Vatn, avlaup og sanitær</b>											
<b>Skallsikring/lås</b>											
<b>Flatraket skule</b>											Byggeår: 1957, 1997
<b>Bygning utvendig</b>											
FLS-1	3	3	Nytt undertak og lekter over gymbygget	V	748						

Kunnskapsgrunnlag - vedlikehold av formålsbygg - Skular og barnehagar – 2024-2034

FLS-2	2		Nytt ståltak på utebod og ventilasjonsinntak	V	42														
FLS-3	1		Utskifting vindauge	V/K	558			x											
FLS-4	2		Skifte ytterdører	V	180														
FLS-5	3		Skifte kledning	V	133														
<b>Bygning innvendig</b>																			
FLS-6	2	2	Push opp våtrom	V	3 220														
FLS-7	2	1	Skifte innvendige dører	V	368														
FLS-8	1		Reparere skifte golvbelegg i gymsal	V	56														
FLS-9	1	1	Lydisolering mellom kontorer i adm. bygg	H	180														
FLS-10	2		Nye golvbelegg	V	282														
FLS-11	3		Håndlist og spiler i trapperekker	H	42														
<b>El-anlegg</b>																			
FLS-12	3		Skifte gamle lysarmatur til LED-armatur	H/K	700														
<b>Varme og ventilasjon</b>																			
FLS-13	3		Oppgradere ventilasjonsanlegg SFO	K	420														
FLS-14	3		SD-styring varme	K	700														
<b>Vatn, avløp og sanitær</b>																			
FLS-15	3	2	Skifte blandebeholder, toalett og vaskerener	V	56														
<b>Skallsikring/lås</b>																			
FLS-16	2		Nytt låsesystem	V	350				x										
<b>Haugen skule</b>															<b>6 192</b>		<b>Byggeår: 1923, 2007</b>		
<b>Bygning utvendig</b>																			
HAS-1	2		Skifte tak eldste del	V	1 456														
HAS-2	3		Skifte vindauge	V/K	2 156														
HAS-3	1	1	Riving av gamle bygg	H/K	2 000														
<b>Bygning innvendig</b>																			
<b>El-anlegg</b>																			
<b>Varme og ventilasjon</b>																			
HAS-4	2		Ny varmpumpe	K	280														
<b>Vatn, avløp og sanitær</b>																			
<b>Skallsikring/lås</b>																			
HAS-5	1	2	Tiltak med nytt gjerde mot elva og riksvegen	H	300														
<b>Hjelle skule</b>															<b>13 356</b>		<b>Byggeår: 1969, 1992</b>		
<b>Bygning utvendig</b>																			
HJS-1	2	1	Skifte taktekkning	V/K	1 596														
HJS-2	2		Skifte beslag/takrenner mv.	V/K	210														
HJS-3	2	3	Skifte av vindauge	V/K	2 100														
<b>Bygning innvendig</b>																			
		2	Elevtoalett																
<b>El-anlegg</b>																			
<b>Varme og ventilasjon</b>																			
HJS-4	3	1	Oppgradering varmeanlegg	K	3 500														
HJS-5	3	1	Skifte av ventilasjonsanlegg	K	5 950														
<b>Vatn, avløp og sanitær</b>																			
<b>Skallsikring/lås</b>																			
<b>Nordfjordeid skule</b>															<b>4 760</b>		<b>Byggeår: 1965, 1998, 2006, 2009</b>		
<b>Bygning utvendig</b>																			
NOS-1	2		Skifte vindauge	V/K	840														
NOS-2	2		Drenere rundt bygget	V	420														

Kunnskapsgrunnlag - vedlikehold av formålsbygg - Skular og barnehagar – 2024-2034

<b>Bygning innvendig</b>													
<b>El-anlegg</b>													
<b>Varme og ventilasjon</b>													
NOS-3	2	1	Ventilasjonsanelgg formingsavdelinga og T-fløy	H	2 100								
NOS-4	2		Ny varmtvassstank, Oppgradere varmeanlegg	K	1 400								
<b>Vatn, avlaup og sanitær</b>													
<b>Skallsikring/lås</b>													
<b>Selje skule</b>										<b>24 728</b>	<b>Byggeår: 1970, 1996, 2012</b>		
<b>Bygning utvendig</b>													
SES-1	2	1	Skifte takrenner	V	10								
SES-2	1	1	Drenere vekk takvatn frå A, C og E-fløy	V	1 372								
SES-3	2		Setningsskader D-fløy	V	1 400								
SES-4	1	1	Fasade B-fløy	V	151								
SES-5	1	3	Skifte ytterdører	V	280								
SES-6	1	1	Skifte tak på A-, B-, C-, D- og E-fløy	V	4 847								
SES-7	1	1	Skifte vindauger E-fløy	V/K	742								
<b>Bygning innvendig</b>													
SES-8	2	2	Skifte innvendige dører	V	798								
SES-9	3	2	Skifte golvbelegg	V	938								
SES-10	3	2	Skifte gamle lysarmatur til LED-armatur	H/K	1 680								
SES-11	3		Reparere håndlist, spiler, sklisikring og synlighetsmarkeribng i trapper	H/K	210								
SES-12	2		Skifte golv i gymsalen	H	420								
<b>El-anlegg</b>													
SES-13	2		Oppgradere anlegg for nød- og ledelys.	H	560								
<b>Varme og ventilasjon</b>													
SES-14	1		Ny varmepumpe luft-vatn	K	2 640								
SES-15	2		Skifte ut og oppgradere ventilasjonsanlegg E-fløy og underetasje A-fløy	H/K	5 600								
SES-16	3		Oppgradere varmeanlegg E- og A-fløy	K	1 120								
SES-17	1		Oppgradere SD-styring (sentral driftskontroll)	K	700								
<b>Vatn, avlaup og sanitær</b>													
SES-18	3		Nye blandebatteri	V	70								
SES-19	3		Ny varmtvassstank	V/K	70								
<b>Skallsikring/lås</b>													
SES-20	1	3	Nytt låsesystem med adgangskontroll	V	420								
SES-21	2	3	Skifte ut låsesylinder på gamle innv. dører	V	700								
<b>Stadlandet skule</b>										<b>24 203</b>	<b>Byggeår: 1969, 1996, 2006</b>		
<b>Bygning utvendig</b>													
STS-1	2	3	Vassinntrengning u.etg under gymsal.	V	0								Gymsalen blir revet når Stadlandet IL skal byggje ny idrettshall.

Kunnskapsgrunnlag - vedlikehold av formålsbygg - Skular og barnehagar – 2024-2034

STS-2	3		Lekte opp og kle mursilo	V	560																
STS-3	3		Sikre luftinntak til auditorium med nett eller ventilator.	V	70																
STS-4	1		Skifte ut terrassegolv ved hanekamben	V	70																
STS-5	1	2	Erstatte stålsøyler som held oppe taket over svalgangen.	H	84																
STS-6	1	3	Ny taktekking	V	4 088																
STS-7	2		Skifte vindauger	V/K	1 316																
STS-8	1		Skifte ytterdører	V	84																
<b>Bygning innvendig</b>																					
STS-9	3		Nye golvbelegg	V	1 736																
STS-10	1		Skifte innvendige dører	V	1 155																
STS-11	3		Inventar	V	560																
STS-12	1		Oppgradere garderobeanlegg	V	2 300																
STS-13	3		Skifte gamle lysarmatur til LED-armatur	H/K	1 400																
<b>El-anlegg</b>																					
STS-14	2		Oppgradere hovudtavle	H	420																
STS-15	2		Oppgradere anlegg for nød og ledelys.	H	420																
<b>Varme og ventilasjon</b>																					
STS-16	2	2	SD-styring på ventilasjonsanlegget på Hanekamben	K	140																
STS-17	3	2	SD-anlegg for varmestyring	K	560																
STS-18	3		Oppgradere varmeanlegg til vassboren varme med sentral driftstyring	K	7 700																
STS-19	3		Bytte til roterande varmevekslar på ventilasjonsanlegget som betar adm. fløyen	K	840																
<b>Vatn, avlaup og sanitær</b>																					
<b>Skallsikring/lås</b>																					
STS-20	1		Nytt låsesystem ink. Sylinder og adgangskontroll	V	700																
<b>Stårheim skule</b>															<b>13 836</b>					<b>Byggeår: 1970, 1992, 1999</b>	
<b>Bygning utvendig</b>																					
SHS -1	1	1	Nytt tak	V	1 428																
SHS -2	1		Skifte ut takrenner	V	210																
SHS -3	3	2	Nye vindager	V/K	2 100																
SHS -4	1		Nye takvindauge	V/K	210																
<b>Bygning innvendig</b>																					
SHS 5	2		Skifte golvbelegg	V	788																
SHS 6	3		Nytt golv gymsal	V	1 050																
		3	Elevtualett vestfløy																		
<b>El-anlegg</b>																					
<b>Varme og ventilasjon</b>																					
SHS-7	2		Skifte ut radiatorer/oppgradere varmeanlegg	K	2 100																
SHS-8	3		Skifte ut ventilasjonsanlegg	H/K	5 950																
<b>Vatn, avlaup og sanitær</b>																					
<b>Skallsikring/lås</b>																					
<b>SUM</b>					<b>144 072</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		

## 5.2 Tiltaksplan barnehagebygg

Forklaring til kolonne 5:

H = Tiltak som har betydning for helse, miljø og sikkerhet, V = Verdibesparande tiltak, K = Kostnadsreducerande tiltak

Tiltak nr.	Prio Tekn.	Prio Brukar	Beskrivelse	H/V/K	Investering (tusen kr.)	Periode						Merknad
						2024	2025	2026	2027	2028	2029-2034	
<b>Felles tiltak</b>												
FE-1												
<b>Flatraket barnehage</b>					<b>1 132</b>							Byggeår: 1974, 2010
<b>Bygning utvendig</b>												
FLB-1	1		Skifte terrassebord på veranda/balkong	V	28							
FLB-2	2		Male fasade. Skifte skadd fasadeplate. Flikke grunnmur	V	280							
FLB-3	2		Skifte fuglenetting raftekasse	V	17							
FLB-4	2		Skifte vindaug i uteskur	V	19							
		2	Isolere vognskur									
<b>Bygning innvendig</b>												
FLB-5	3	3	Lydisolere mellom 1. og 2. etg.	H	228							
<b>El-anlegg</b>												
FLB-6	1		Brannalarmanlegg	H	140							
<b>Varme og ventilasjon</b>												
FLB-7	2		Ny sentral driftsstyring av varmeanlegget (SD-styring)	K	420							
<b>Vatn, avlaup og sanitær</b>												
<b>Skallsikring/lås</b>												
<b>Gjerdane barnehage</b>					<b>3 822</b>							Byggeår: 1987, 2007, 2024
<b>Bygning utvendig</b>												
GJB-1	2	1	Ny taktekkning eldste delen	V	364							
GJB-2	2		Skifte takrenner	V	28							
<b>Bygning innvendig</b>												
<b>El-anlegg</b>												
<b>Varme og ventilasjon</b>												
GJB-3	3	3	Skifte gammalt ventilasjonsanlegg	K	1 750							
GJB-4	2	3	Oppgraderer SD-anlegg	V	280							
GJB-5	3	3	Overgang frå el-varme til vassboren varme	K	1 400							
<b>Vatn, avlaup og sanitær</b>												
<b>Skallsikring/lås</b>												
<b>Golvsengane barnehage</b>					<b>420</b>							Byggeår: 2012
<b>Bygning utvendig</b>												
GOB-1	1	3	Reparere solskjerming	H/V/K	420							
<b>Bygning innvendig</b>												
<b>El-anlegg</b>												

<b>Varme og ventilasjon</b>																			
<b>Vatn, avlaup og sanitær</b>																			
<b>Skallsikring/lås</b>																			
<b>Haugen barnehage</b>										<b>0</b>		<b>Byggeår: 1923</b>							
<b>Bygning utvendig</b>																			
<b>Bygning innvendig</b>																			
<b>El-anlegg</b>																			
<b>Varme og ventilasjon</b>																			
<b>Vatn, avlaup og sanitær</b>																			
<b>Skallsikring/lås</b>																			
<b>Leikvang barnehage</b>										<b>320</b>		<b>Byggeår: 1990, 2014, 2022</b>							
<b>Bygning utvendig</b>																			
LEB-1	2		Skifte vindauge	V	25														
LEB-2	1		Reparere fugenetting raftekasse	V	28														
LEB-3	2		Maling utv. Ramper/trapper	V	42														
		1	Isolere vognskur																
<b>Bygning innvendig</b>																			
LEB-4	2		Oppussing toalett gamledelen	V	210														
<b>El-anlegg</b>																			
LEB-5	1		Brannalarmanlegg, -oppkopling mot 110	H	15														
<b>Varme og ventilasjon</b>																			
<b>Vatn, avlaup og sanitær</b>																			
<b>Skallsikring/lås</b>																			
<b>Selje barnehage</b>										<b>4 622</b>		<b>Byggeår: 1974, 1991, 1999</b>							
<b>Bygning utvendig</b>																			
SEB-1	2		Skifte trapper og ramper	H/V	280	x													
SEB-2	2		Reparere fuglenetting raftekasse	V	28	x													
SEB-3	3		Skifte takrenner/-nedlaup	V	77	x													
SEB-4	3		Nytt beslag over mur	V	50	x													
SEB-5	1		Skifte dremskummar	H/V	182	x													
SEB-6	1		Skifte ytterdør	V	42	x													
SEB-7	2		Male utvendig kledning	V	122	x													
SEB-8	2		Skifte takhette	V	42	x													
<b>Bygning innvendig</b>																			
SEB-9	1		Oppussing våtrom/bad/toalett	V	1 840														
SEB-10	3		Skifte innvendige dører	V	483														
SEB-11	2		Nye golvbelegg med oppbrettkant	V	426														
<b>El-anlegg</b>																			
SEB-12	1		Brannalarmanlegg	H	210														

Kunnskapsgrunnlag - vedlikehold av formålsbygg - Skular og barnehagar – 2024-2034

<b>Varme og ventilasjon</b>													
SEB-13	3		Varmestyring via sentral driftskontroll (SD-styring)	K	700								
SEB-14	3		Bytte ut varmomnarr pga. berøringsfare som følge av høg overflatetemperatur	H/K	140								
<b>Vatn, avlaup og sanitær</b>													
<b>Skallsikring/lås</b>													
<b>Stårheim barnehage</b>					<b>2 737</b>								Byggeår: 1989
<b>Bygning utvendig</b>													
STB-1	2		Skifte vindaug	V	434								
STB-2	2		Skifte tak	V	735								
<b>Bygning innvendig</b>													
STB-3	3	6	Skifte innvendige dører	V	42								
STB-4	2	5	Skifte golvbelegg	K	175								
		3	Garderobe-toalettfasilitetar										
<b>El-anlegg</b>													
<b>Varme og ventilasjon</b>													
STB-5	3	2	Nytt ventilasjonsanlegg	K	1 225								
STB-6	3	4	Nye varmpumper	K	126								
<b>Vatn, avlaup og sanitær</b>													
<b>Skallsikring/lås</b>													
<b>SUM</b>					<b>13 053</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	

**Vedlegg 1: Bygningsdelars levetid**

Bygningsdel	Materiale/ konstruksjon	Tiltak	Intervaller (år)		
			Korte	Middels	Lange
2 Bygning					
21 Grunn og fundamenter					
217 Drenering	Drenssystem med drensledninger	Spyling.	1	2	5
		Utskifting.	20	40	60
22 Bæresystemer					
222/223 Søyler, bjelker	Søyler eller bjelker av betong	Reparasjon.	10	25	40
226 Kledning og overflate	Søyler/bjelker av stål, malt	Maling.	8	12	16
	Søyler/ bjelker av betong, malt	Maling.	4	8	12
	Trestolper/bjelker, malt	Maling.	6	8	12
23 Yttervegger					
231 Vegg mot terreng	Betongvegg eller murt vegg av blokker	Utbedring.	20	40	60
231/232 Bærende og ikke- bærende yttervegger	Teglsteinsmur	Omfuging.	20	40	60
	Plasstøpt betong	Reparasjon.	15	25	40
	Lettklinker, porebetong	Reparasjon av puss	20	40	60
	Mur av glassbyggstein	Reparasjon.	10	20	30
	Bindingsverk av tre	Reparasjon.	40	60	80
	Bindingsverk av stålprofiler	Reparasjon.	40	60	80
	Laft, uten utvendig kledning	Reparasjon.	20	40	60
234 Vinduer	Vinduer, hengslede	Kontroll og justering.	2	4	8
	Trevindu	Utskifting.	20	40	60
	Stålvinduer/ aluminiumsvinduer	Utskifting.	30	40	50



234 Vinduer – overflatebehandling	Trevindu, malt	Maling.	2	4	6
	Trevindu, beiset	Beising.	1	2	3
	Stålvinduer	Maling.	6	12	16
	Takvindu i stål	Maling.	5	7	10
234 Ytterdører	Tredører	Kontroll og justering.	2	4	8
	Tredører og aluminiumsdører	Utskifting.	20	30	40
234 Dører – overflatebehandling	Tredør, malt	Maling.	2	4	6
	Tredør, oljet	Oljing.	1	2	4
	Tredør, klarlakkert	Lakking.	2	4	8
	Ståldør, malt	Maling.	4	8	12
234 Porter	Malte treporter, stål- og aluminiumsporter	Utskifting.	10	15	20
	Treporter, malt	Maling.	6	8	12
235 Utvendig kledning	Keramiske fliser	Bytte fugemasse.	8	12	20
		Omfuging.	15	20	30
	Trekledning	Utskifting.	40	50	60
	Stålplater, forsinket (for eksempel bølgeblikk)	Utskifting.	20	40	50
	Stålplater, forsinket og plastbelagt eller lakkert	Utskifting.	20	30	40
	Aluminiumsplater	Utskifting.	30	40	50
	Kobberplater	Utskifting.	40	60	80
	Asbestsementplater (eternitplater)	Utskifting.	20	30	40
	Sementbaserte plater	Utskifting.	20	30	40
	Plater av polymerbetong	Utskifting.	30	40	50
	Teglforblending	Omfuging.	30	40	60
	Natursteinsforblending	Omfuging.	30	40	60
	Mur / forblending med slemming	Slemming.	20	30	40

	Fasadeelementer av betong	Bytting av tettelister.	10	20	30
		Omfuging.	8	12	16
	Puss	Ompussing.	20	40	60
235 Utvendig overflate	Trekledning eller laft, malt	Maling.	6	8	12
	Trekledning eller laft, dekkbeiset	Dekkbeising.	4	6	8
	Trekledning eller laft, beiset	Beising.	2	4	6
	Stålplater, forsinket (for eksempel bølgeblikk), malt	Maling.	6	10	15
	Stålplater, forsinket og plastbelagt eller lakkert	Reparasjon av overflaten.	8	12	16
	Mur/forblending med overflatebehandling	Maling anbefales generelt ikke.	8	12	16
		Impregnering.	2	8	15
	Betong uten puss, malt	Maling.	8	12	16
	Puss, malt	Maling.	4	10	18
24 Innervegger					
244 Dører, foldevegger - utskifting	Tredør	Utskifting.	30	40	50
244 Dører – overflatebehandling	Tredører, malt	Maling.	8	16	20
	Tredører, oljet	Oljing.	2	4	8
	Tredører, lakkert	Lakkering.	6	8	12
	Ståldører, malt	Maling.	6	8	12
244 Vinduer – innvendig overflatebehandling	Trevindu, malt	Maling.	6	9	12
	Trevindu, lakkert	Lakkering.	8	12	16
246 Kledning og overflate	Trepanel, malt	Maling.	8	12	16
	Trepanel, beiset	Beising.	6	8	10
	Trepanel, lakkert	Lakkering.	10	16	20

	Baderomspanel	Bytte paneler.	6	10	14
	Plater, malt	Maling.	8	12	16
	Papirtapet, umalt	Ny tapet.	5	7	9
	Papirtapet, malt	Maling.	8	12	16
	Glassfibervev, malt	Maling.	8	12	16
	Vinyltapet	Ny tapet.	10	15	20
		Ny tapet i våtrom.	5	8	12
	Mur/betong, malt	Maling.	12	16	20
	Puss, malt	Maling.	10	12	16
	Keramiske fliser	Reparasjon	5	10	15
		Utskiifting.	10	20	30
	Våtrom, vinylbelegg	Utskiifting av belegg og underlag	10	20	30
	Våtrom, våtromstapet	Utskiifting av belegg og underlag	5	7	10
	Våtrom, baderomspanel	Utskiifting av plater	10	15	20
	Våtrom, keramiske fliser på membran, lettvegg	Utskiifting av fliser, membran og underlag	10	15	20
	Våtrom, keramiske fliser på membran, mur og betong	Utskiifting av fliser og membran	20	30	40
<b>25 Dekker</b>					
251 Frittstående dekker	Etasjeskiller av betong og lettbetong	Reparasjon.	40	60	80
	Etasjeskiller med bjelkelag av heltre eller I-bjelker	Reparasjon	40	60	80
252 Gulv på grunnen	Plasstøpt betonggulv på lastbærende isolasjon	Reparasjon.	40	60	80
	Tilfarergulv på betong	Kontroll av fukt. Utskiifting	30	40	50
255 Gulvoverflate – belegg, overflatebehandling	Tregulv, malt	Maling.	6	8	10
	Tregulv, parkett, oljet	Oljing.	1	2	3

		Sliping og ny oljebehandling.	8	12	16
	Tregulv, parkett, lakkert	Vedlikeholdslakking.	4	5	6
		Sliping og lakking.	10	15	20
	Betonggulv/påstøp	Maling.	5	10	20
		Maling.	6	8	12
	Linoleum	Boning	0,5	1	2
		Utsifting.	15	20	25
	Vinyl	Utsifting.	15	20	25
	Kork	Lakking.	2	4	6
		Utsifting.	10	15	20
	Teppebelegg, nålefilt	Utsifting.	8	10	17
	Keramiske fliser	Reparasjon.	5	10	15
		Utsifting.	10	20	30
	Gulv i våtrom med belegg av vinyl, påstøp og gulvvarme	Utsifting.	15	25	35
	Gulv i våtrom med keramiske fliser direkte på membran	Utsifting.	10	20	30
	Gulv i våtrom med keramiske fliser på påstøp og underliggende banemembran	Utsifting.	20	30	40
256 Faste himlinger – overflatebehandling	Trepanel, malt	Maling.	10	15	20
	Trepanel, beiset	Beising.	10	12	15
	Trepanel, lakkert	Lakking.	12	16	20
	Plater, malt	Maling.	10	15	20
	Puss/betong, malt	Maling.	12	15	20
26 Yttertak					
262 Taktekning	Skifer	Utsifting.	10	30	50
		Omlegging.	50	60	80
	Tegltakstein	Utsifting.	10	30	40
		Omlegging.	30	50	60
	Betongtakstein	Utsifting.	10	30	40

		Omlegging.	30	50	60
	Forsinkede stålplater, malt	Maling.	10	15	20
	Stålplater med plastbelegg	Omlegging.	30	40	50
		Reparasjon.	10	20	30
	Aluminiumsplater	Omlegging.	40	50	60
	Båndtekning, sinklegert (falsede plater)	Omlegging.	30	40	50
		Maling.	10	15	20
	Båndtekning, kobber (falsede plater)	Omlegging.	40	50	60
	Asfalttakshingel	Fjerne begroing	5	10	15
		Omlegging.	20	25	30
	Bordtak/treshingel	Utsifting.	10	15	20
		Omlegging.	20	30	40
	Torvtak	Utbedring.	10	20	30
		Omlegging.	30	40	50
	Asfalttakbelegg	Reparasjon.	5	10	15
		Omlegging.	15	25	35
	Takfolie, mekanisk festet	Reparasjon.	5	10	15
		Omlegging.	15	25	35
	Takfolie med singelballast	Omlegging.	15	20	25
	Membraner på terrasser	Reparasjon.	2	4	8
		Omlegging.	15	25	35
	Asbestsementplater (eternitplater)	Omlegging.	30	35	40
	Sementbaserte plater	Omlegging.	20	25	30
262 Taktekning – utvendige beslag	Overgang tak/ vegg, skottrenne	Utsifting.	15	25	35
	Beslag til vindskier, vannbord og sålbenk	Maling.	4	8	12
		Utsifting.	20	25	30
263	Overlyskupler	Utsifting.	20	30	40

Glasstak, overlys, takluker					
	Takvinduer i tre	Utskiifting.	20	30	40
	Takvinduer i stål	Utskiifting.	20	40	60
265 Gesimser, takrenner og nedløp	Gesimsbeslag	Utskiifting.	15	25	35
	Takrenner/nedløp i plast	Utskiifting.	20	25	30
	Takrenner/nedløp i metall, malt	Maling.	5	10	15
	Takrenner/nedløp i sink eller plastbelagt stål	Utskiifting.	25	30	35
	Takrenner/nedløp i kobber	Utskiifting.	30	40	50
268 Vindskier	Vindski/vannbord i tre, malt	Overflatebehandling.	2	4	8
	Vindski/vannbord i tre, beiset	Overflatebehandling.	1	2	4
	Vindski/vannbord i tre	Utskiifting.	15	20	25
268 Utstyr	Luftelyrer, ventilasjonssetter	Utskiifting.	20	30	40
	Snøfangere, taksikringsutstyr, takstige	Utskiifting.	20	30	40
27 Fast inventar					
271 Murte piper og ildsteder	Murte piper/skorsteiner over tak, uten puss	Utskiifting.	20	30	40
	Murte skorsteiner, pusset utvendig	Ompussing.	10	20	30
28 Trapper, balkonger m.m.					
281 Innvendige trapper – belegg og overflatebehandling	Trapper i tre, malt	Maling.	6	8	10
	Trapper i tre med lakkert overflate	Sliping og lakkering.	5	7	9
	Trapper i betong, stålglattet/malt	Maling.	6	8	10
	Trapper i betong, med gulvbelegg	Bytte belegg.	15	20	25

282 Trapper – utskifting	Trapper i tre	Utskifting.	15	20	30
282 Utvendige trapper – belegg og overflatebehandling	Trapper i tre, beiset	Beising	2	4	6
	Tretrapper, oljet	Oljing.	1	2	3
	Trapper i metall	Maling.	8	10	12
284 Balkonger – reparasjon	Balkonger i betong	Reparasjon.	15	20	25
284 Balkonger og verandaer – belegg og overflatebehandling	Balkonger i tre, malt	Maling.	5	7	9
	Trelemmer på balkong	Oljing.	1	2	3
	Balkonger i betong, malt	Maling.	5	7	9
	Flislagte balkonger	Utskifting.	5	10	15